

Referat møte i Samarbeidsutvalet

Møtenummer: 2/2026
Dato: 26.05.2026
Tid: 16.30-17.30
Stad: Fogn oppvekstsenter

Til stades: Lene Cecilie Sangedal, Kristel Borgemyr, Jakob Bø, Alice Helgøy, Astri Sandanger

Forfall: Representantar frå elevrådet, Jannike Jessen Vågane og Sunniva Fjell

1. Saker frå elevrådet

Ingen representantar frå elevrådet var til stades.

Lærarane har drøfta korleis me kan få meir tilbakemelding frå elevane, slik at dei får ein tydelegare stemme i skulekvardagen. Me ser på ulike måtar å organisere elevrådet på til neste skuleår.

Innspel frå elevane:

- Overnatting på skulen
- Meir engelsk
- Meir matematikk med Helge
- Kantine

2. Endring i årshjul for skule–heim-samarbeid

Sjå vedlegg.

- Grønt: forslag til tillegg
- Raudt: forslag til fjerning

Me er einige om å gjennomføre dei foreslåtte endringane.

Nasjonale prøver:

Me er små grupper der anonymitet kan vere ei utfordring. Me er einige om at me tek bort punktet

dersom me ikkje har noko å dele. Samtidig kan det takast med dersom det finst trendar eller andre forhold som kan visast anonymt. Skulen kan då løfte dette fram.

April/Mai:

- Føreskuledag for nye elevar vert gjennomført i starten av juni
 - Elevane får ein dag i skulen
 - Førsette vert kalla inn til informasjonsmøte i starten av juni
- Foreldreundersøking:
SU ønskjer ein arena der førsette kan gi anonyme tilbakemeldingar.
Me ser dette an til hausten, og Alice følgjer opp saka. UDIR har satt si foreldreundersøking på vent.

3. Evaluering av skule- og barnehageåret

Det har ikkje kome inn saker frå førsette, noko som kan tyde på at dei er nøgde.

Positive erfaringar:

- Uteskule fungerer godt
- Symjeundervisninga er god
- Elevane trivst

Nytt opplegg for 7. klasse i samarbeid med Finnøy fungerer bra, men nokre opplever dagane som lange.

Det er auka samarbeid i profesjonsfellesskapet med Sjernarøy, Ombo og Vassøy.

I barnehagen er Tove B. Tysdal inne i rolla som fagleiar i ein periode. Førsette er informerte via Vigilo.

Sommaravslutninga får gode tilbakemeldingar og vert vidareført på dagtid.

4. Oppgradering av skule- og barnehageområde

Arbeidet er godt i gang.

Tiltak:

- Oppgradering av ballbinge (nytt gjerde og underlag)
- Nytt aktivitetsområde med:
 - Trampoline

- Rutsjebane
- Gummidekke
- Buskar
- Lite gjerde rundt delar av området
- Utviding av sandkasse
- Leikehytter

Barnehagen:

- Oppgradering av sandkassar
- Vassleikar
- Solsegl
- Sykkelbane

Rampa skal flyttast ved sida av fotballbana.

Me ønskjer å markere opninga når arbeidet er ferdig.

5. Neste skule- og barnehageår

Det er mangel på personale og tilsettingsstopp i både skule og barnehage. Me arbeider med å finne gode løysingar og ser at me må lyse ut nok ein gong.

Skulen:

- Lærarane held fram
- Marianne får studiepermisjon i 40%
- Helge er tilbake i full stilling
- 5. og 7. klasse vert slått saman, medan 3.-4. trinn og 1.-2. blir kvar sin klasse.

6. Eventuelt

SFO i feriar:

- SFO er stengt i juli
- Ved få barn kan:
 - 5-åringane vere i SFO
 - Barnehage og SFO samordnast
- Me må sjå det an etter påmelding

Alle som melder seg på SFO/barnehage må møte, då bemanning vert sett etter dette.

Dugnad og uteområde:

- Planlegging av dugnad (Robin Hood-skogen m.m.)

- Saka er også drøfta i grendalaget
- Vert følgd opp til hausten
- Dugnad vert eiga sak i møte nr. 1 i januar 2027

Referent:

Astri Sandanger

Vedlegg - forslag til nytt årshjul

Årshjul:

September/oktober:

- Det skal gjennomførast foreldremøte i klassane/skulen og barnehagen før haustferien. Ansvarlege er kontaktlærer og pedagogiske leiarar i samarbeid med rektor. Kapittel 12 i opplæringslova og trygt og godt barnehagemiljø skal ein informera om på dette møtet. Her skal det veljast foreldrerepresentanter frå skule og barnehage.
- SU før haustferien. Forslag til saker:
 - ✓ Konstituering.
 - ✓ Oppsummering av saker behandla i SU førre skule-/barnehageår.
 - ✓ Sakar frå elevrådet.
 - ✓ Gjennomgang av Årshjul for heim – skule samarbeidet.
 - ✓ Innføring i økonomi/budsjett/lærarkabal.

November/desember:

- Møte i SU. Forslag til saker:
 - ✓ Budsjett neste år
 - ✓ Skuleruta.
 - ✓ Foreldreundersøking i barnehage.
 - ✓ Juleførebuingar.
 - ✓ Trivselstiltak.
- Samarbeidsarrangement; solidaritetsaksjonen

Februar/mars:

- Møte i SU. Forslag til saker:
 - ✓ Budsjett for nytt år.
 - ✓ Resultat elevundersøkinga 5.-7. trinn.
 - ✓ Planlegging av dugnad

April/mai:

- Møte i SU. Forslag til saker:
 - ✓ Evaluering av skuleåret.
- Samarbeidsarrangement; sommaravslutning, sommartur mm.
- Føreskuledag for nye elevar, inkl. foreldremøte/info.
- Revidere årshjul.